



Fylkesmannen i Hordaland
Statens Hus, Kaigaten 9
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4717 - 15/7303

Saksbehandlar:

Reidun Sæbdal

reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Dato:

26.03.2015

Rapport til kommunalt tilskot rusarbeid 2014

Viser til dykkar brev datert 16.05.2014 ref 2013/16341 om tilskot på kr 700.000 til kommunalt rusarbeid og tilsagn om overføring av ubrukte midlar, kr 83.000 til bruk i 2015 (brev datert 16.02.2015).

Formålet med tiltaket som tilskotet er nytta til er å oppretthalde ein bredde i det kommunale rusarbeidet med eit lågterskel arbeids- og aktivitetstilbod til rusmiddelavhengige.

Målsetjinga er å redusere rusmiddelproblem gjennom arbeids- og aktivitetstiltak hjå personar som har utvikla rusmiddelmissbruk.

Innhald i tiltaket.

Rustiltaket Stig inn – aktiv kvardag har vore i drift heile 2014 med opningstider 3 dagar i veka. Det er to fast tilsette som står for den daglege drifta av tiltaket. I driftsåret har 22 brukarar nytta seg av tilbodet. I gjennomsnitt er 3-4 brukarar innom dagleg. Hovudtyngden er menn, men også nokre kvinner brukar tilbodet.

Det blir utarbeidd aktivitetslister for kvar veke, der brukarane har anledning å delta i planlegginga av aktivitetar.

Tiltaket fungerer som ein sosial verestad der ein berre kan kome innom, slå av ein prat og ta ein kopp kaffi i saman med andre. Brukarane som ønskjer det, kan vere med å tilberede eit varmt måltid. Arbeidsoppgåver elles er å pusse om ulike møbler som dei i hovudsak får fatt i gratis på finn. no. Det er lagt opp til ein fast dag med tur.

Måloppnåing. Tiltaket vert nytta av personar i kommunen som har utvikla eit rusmiddelmissbruk. Fleire brukarar gir uttrykk for at å delta i dette tiltaket gir meining. Enkelte av brukarane gir uttrykk for betre rusmeistring og føler seg betre psykisk. Ein stad å gå til, er viktig for mange og dei ulike aktivitetane vert opplevt som positivt.

Tiltaket vi har etablert fangar i stor grad opp brukarar som har vanskar med å nyttiggjere seg av anna arbeids- og aktivitetstilbod og tiltaket inngår såleis i ei heilskapleg tiltakskjede til aktuell brukargruppe i kommunen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revisorberetning kommunalt rusarbeid

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens Hus,
Kaigaten 9

5020

BERGEN